



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.10.2013

Vår ref.: 2013/2623

Arkivnr.: 521.0

Sandnes kommune v/Rådmann
Postboks 583
4305 Sandnes

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll for kommunane Sandnes, Stavanger og Kvitsøy

Vi visar til brev datert 23.01.13 der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2013. I brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Sandnes kommune i løpet av hausten 2013. Vi ynskjer med dette brevet å informere om kontrollen, samt å fastsetje dato for denne.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Då forvaltningskontrollen skal vere risikobasert har vi i 2013 vald å rette kontrollen hovudsakleg mot kommunar som er store på jordbruk. Etter dette er Sandnes kommune trekt ut som ein av kommunane for kontroll i år. Ut i frå at det er eit ønskje frå landbrukssjef Daniela Dobbert vil forvaltningskontrollen for landbruk og omfatte Stavanger og Kvitsøy. Som kjent så har Sandnes kommune ansvaret for landbruksforvaltninga av desse kommunane.

Heimel for kontrollen er forskrift av 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Vi ønskjer å sjå nærare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysartilskot. Av konkrete tema nemner vi saksbehandlingsrutinar av søknader, risikovurderingar ved føretakskontroll, driftsfellesskap, beitetilskot, spreieareal og reaksjonar ved avvik. På skogområdet vil oppfølging av foryngingsplikta vere aktuell.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema, og kva vi ynskjer at kommunen har klart i forkant av sjølv kontrollen

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09:00 – 09.30 Formøte, med informasjon om kontrollen , føremål, grunnlag og omfang

09:30 – 14.00 Intervju/gjennomgang av dokument

14:00 – 15:00 Sluttmøte, med oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og skogbruk samt saksbehandlarar. I tillegg er det eit ynskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta gjennom heile eller delar av møtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy samt 2 sakshandsamarar på produksjonstilskot møte.

Forslag til dato for kontrollen

Vi har tre forslag til datoar for kontrollen:

- 28. november 2013
- 3. desember 2013
- 5. desember 2013

Vi håper at ein av desse datoane passer, og ber om tilbakemelding på dato innan 30.10.13.

Ta kontakt om det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Geir Helge Rygg
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Geir Helge Rygg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 83
E-post: fmroghr@fylkesmannen.no